



SUNNHORDLENDINGEN

MEDLEMSBLAD FOR POSTPENSJONISTANE I SUNNHORDLAND

Sommar 2019

Gode medlemer!

Vårnummeret av Sunnhordlendingen måtte ut før turen til Litlabø med Gruene og Vindmølleparken i Fitjarfjella. Takk for sist til dei som var med der. Turen var vellukka, all ros til dei som fekk den i stand. Informasjonen var suveren, både frå Helleland i Gruo og Johannes Koløen på Midtfjellet – så kan ein sjølv sagt ha ulike meiningar om vindmøllene.

Etter turen har Gerd Waage Skålevik og eg vore på leiarsamling på Gardermoen, veldig kjekt å ha reisefylgje. Vi kunne reisa 2 stk. dette året for å få meir dataopplæring. Vi må få heimesida vår opp å gå, må veta. Vi hadde med eigne PC-ar. Eg trudde nok at vi skulle få prøva oss med «skikkeleg arbeid» på eiga side. Vi skulle derimot arbeida berre på testsida. Den takla ikkje 60 pålogga - så vart det tavleopplæring i staden, noko eg vart svært skuffa over. Opplæringa var likevel god – no er det berre å finna tid til å laga sida vår. Eg må tilstå at det ikkje har vore prioritert arbeid hos meg. Eg har det travelt som pensjonist. Spørsmålet mitt er heile tida «kva **må** eg gjera i dag/denne veka» Eg er nøgd når eg kjem i mål med MÅ-tinga og gjerne nokre BØR-ting. Heimesida vår har så langt ikkje fått plass her. Her kjem det også inn at styret kjenner seg usikker på kor mykje medlemene våre vil nytta sida. Kor mange er jevnleg inne og les på postpensjonistene.no? Alt utanom lokale hendingar står der. Når vi etterlyser tilbakemeldingar om eitt og hitt er det langt mellom meldingane. Fortel oss gjerne korleis de nyttar postpensjonistene.no.

No er det tid for å melda turynskje slik at Aslaug og Odd Egil har noko å arbeida ut frå. Eg veit det har vore sett fram ynskje om elvecruise. Det er ei «makeleg» turform, ein kjem til nye stader utan å pakka opp og ned fleire gonger. Kva for elv har de ynskje om? Det er mange aktuelle i Europa. Sjølv vil eg til Russland, i området til Tsarens kurer. Dette ynskjet har eg hatt lenge. Kva tid det blir er noko heilt anna. Nokre av dykk får truleg reklame frå Nytt og Nyttig. Dei har Transilvania på programmet, eit fantastisk flott område. Nokre seier dei ikkje vil til Romania for det er så mykje fattigdom der. Det er også mykje rikdom der. Då eg var med Romaniahjelpen til dette området såg eg begge sider. Når vi ser tilbake på Albaniaturen i fjor var den veldig bra. Dette landet var det også skepsis til. Det har vore ynskje om Dublin/Irland, men nokre meiner det er for kaldt der – og andre har vore der. Irland står også på mi ynskjeliste (ynskjelista mi er lang!) Både turkomiteen og eg er kjend med at folk saknar busstransport frå Stord. Eg seier meg lei for at ein ikkje har fått til det i år heller. Det har vore ynskje med utreise frå Bergen. I år vart det for kort tid til flybyte i Amsterdam dersom vi reiste frå Bergen. MEN Same kva de har lyst til er det viktig å få det fram. Det er trasig når innspela er få og ein etterpå får høyra at det eigentleg var noko anna ein ville.

No fyrst er det Danmark og Portugal som står på programmet. Eg gler meg til Portugal sjølv om reisa er litt kronglete. Det blir gjerne litt klure for oss sunnhordlendingar som vil på tur.

Masse helsing frå Eli

Leiarsamling på Scandic Airport Gardermoen 20.-21.05.19

Som nemnt var Gerd Waage Skålevik med på møtet i år. Vi tok Stordflyet, ein grei reisemåte for fastbuande på øya. Eg, Eli overnatta på Stord sjølv om Stordflyet opplyste at ein kunne sjekka inn over telefon når ein var komen på båten frå Kvinnherad. Ein måtte i tilfelle ha drosje klar på kaien.

Utanom heimesida vart det fokusert på Framtidsfullmakt. Christin Ruud Ulfsryggen frå Kolbotn advokatkontor hadde foredrag. Ho fekk sei utruleg mykje på den timen ho hadde til rådvelde. Framtidsfullmakt kom i 2013. Så langt har det vore lite nytta. Hennar konklusjon var at alle som eigde noko burde skriva slik fullmakt. Formkrava har endra seg gjennom åra. Då mannen min og eg skreiv slik fullmakt i 2018 skreiv vi felles fullmakt og omtalte oss som « den lengstlevande av oss». Christin tilrådde ektefellar å skriva kvar si likelydande fullmakt der ektefelle vart fyrste fullmektig før ein førde opp sekunder fullmektig. Tanken bak vår framtidsfullmakt var at vi ville sikra borna våre moglegheit til å kunna selja hus og leilegheit og dela pengane etter salet. Utan slik fullmakt kan ein selja husværet men pengane må stå på konto til huseigar så lenge vedkomande lever. Endå er det ikkje register over framtidsfullmakter slik det er for testament. Det vil truleg koma. Christin reklamerte for medlemsfordelen i Pensjonistforbundet, 1/2 t. gratis samtale. Direktenummer til henne er 45 50 22 92. Kontoret har telefon 66 81 10 80. Det står fleire gode medlemstilbod i Pensjonisten.

Medlemsutvikling

Vi har ikkje fått nye medlemmer så langt i 2019. 3 stk. har meldt seg ut. Vi er no 85 medlemmer i avdeling Sunnhordland.

FAGFORBUNDET

Eg reknar med at de har lese om JA til Fagforbundet. Pensjonistane fekk ikkje stemma, men både valdeltaking (77,9 %) og Ja-stemmene (80,7 %) frå Postkom sine medlemmer viser eit bra samstemt Postkom. Alt er ikkje avklara i høve oss postpensjonistar. Det vil koma utover hausten. Fagforbundet har berre organiserte pensjonistar. Vi vil ha med alle våre, både dei uorganiserte og ektefellar. Vi får venta og sjå kva forhandlarane får til.

Styret er samansett slik:

Leiar Eli Roseth Eik	Tlf. 95786228	Epost: elireik@hotmail.com
Nestleiar/skrivar Berit Bergsvåg	Tlf. 90046897	Epost: berit.bergsvag@sklbb.no
Økonomiansvarleg Annlaug Bjelland Eide	Tlf. 97924790	Epost: annlaug.eide.bjelland@sklbb.no
Styremedlem Odd Egil Solberg	Tlf. 90179428	Epost: odd.egil.solberg@sklbb.no
Styremedlem Gerd Waage Skålevik	Tlf. 95454628	Epost: gerdskaaalevik@gmail.com
Varamedlem Brit Sigrun Vad	Tlf. 91152269	Epost: bjorn.yri@sklbb.no
Varamedlem Alvhild Tveit	Tlf. 48131304	Epost: alvhild.tveit@sklbb.no

Turkomiteen Odd Egil Solberg, Tlf. 90179428 og Aslaug Tvedte, Tlf.95497773

Vi ynskjer jublantane vår hjarteleg til lukka med dagen, nokre på etterskot og nokre på forskot.

90 år

Leif Folgerø -17.01.

85 år

Magnar Meling – 07.05.

80 år

Jorunn Onarheim – 19.03.

Wenche Kristine Nybø Vaage – 25.05.

70 år

Thor Bernhard Bringedal – 19.04.

Björg Borrevik – 29.04

Åslaug Erslund – 31.07.

65 år

Brit Sigrun Vad – 11.01.

Lajla De Fine – 12.03.

Ingrid Helland – 20.03.

Helga Alise Tveito – 09.05.

Vi minner om grasrotandelen.

Vi håpar de vil gje laget vårt dykkar del.

Då må de oppgje org. nummeret vårt **998 328 322**.

Frå 01.01.18 steig grasrotandelen til 7.0% Vi har no 5 gjevarar som har utløyst kr. 1930,03 i tilskot så langt i 2019. Vi håpar sjølvsagt på fleire gjevarar som vil auka tilskotet til kassen vår.